



Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/257-27

## **Planprogram til Regional transportplan 2018 - 2027, godkjenning**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slike vedtak:**

Fylkesutvalet godkjenner framlegget til planprogram for Regional transportplan 2018 – 2027 (vedlegg 1) med dei endringar som er viste i punkt 4 (Konklusjon) i saksframstillinga. Planprogrammet skal leggast til grunn for det vidare arbeidet med transportplanen.

**Vedlegg:**

1. Høyringsutkast planprogram.
2. Oppsummering innspel til planprogrammet.

**Andre dokument som ikkje ligg ved:**

Innkomne innspel.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

I møte 27.01.16, FU-sak 2/16, fekk fylkesrådmannen i oppdrag å starte arbeidet med Regional transportplan (RTP) for Sogn og Fjordane 2018 – 2027 og det skulle først utarbeidast eit planprogram. Fylkesutvalet vedtok å legge eit utkast til planprogram ut på høyring i møte 13. april 2016, sak 33/16. Høyringsfrist vart sett til 27. mai. Det vart gjennomført ein høyringskonferanse på planprogrammet og grunnlagsdokumentet til NTP på Skei 29. april 2016. Det kom inn 20 fråsegnar til planprogrammet. Fråsegnene er oppsummerte i eige vedlegg til denne saka.

Fleire av fråsegnene er positive til at Regional transportplan vert revidert og har ikkje merknadar til utkastet til planprogram og skissert framdrift. Fleire av merknadane er direkte knytte opp mot lokale prosjekt, og nokre er retta mot mindre redaksjonelle endringar i programmet. Nokre av merknadane handlar om plantema og fleire behov for utgreiingar. Etter fylkesrådmannen si vurdering gjev nokre innspel grunnlag for å gjere endringar i framlegget til planprogram

### **2. Bakgrunn for saka**

**Grunnen for at saka er fremja**

I møte 27.01.16, sak 2/16 bad fylkesutvalet fylkesrådmannen om å starte arbeidet med ein RTP for Sogn og Fjordane 2018 – 2027. Det skulle utarbeidast eit planprogram for arbeidet med transportplanen som avklarar innhald og prosess og som skulle godkjennast i fylkesutvalet i juni 2016. Arbeidet med RTP skal gjennomførast i samsvar med plan- og bygningslova.

I møte 13. april 2016, sak 33/16, vedtok fylkesutvalet å legge planprogram til RTP for 2018 – 2027 ut på høyring. Høyringsfrist vart sett til 27. mai 2016.

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak:

1. *I medhald av plan og bygningslova vert utkastet til planprogram sendt på høyring etter at følgjande endringar er tekne inn i planen:*
  - Punkt 3.6: Samfunnsmessige utfordringar og behov Utarbeide eit eige kapittel som fokuserer på viktige trafikkutfordringar for barn og unge.*
  - Punkt 4.1.4: Trafikktryggleik Det er ein føresetnad at analysane må omfatte ikkje - fysiske trafikktryggingstiltak jf. § 40 A i vegtrafikklova.*
  - Punkt 4.3: Skredsikring Legg til tabelloversikt som viser behov på Fv og Rv i fylket og kva sum som trengs pr. år på landsbasis for å nå målet til nasjonal rassikringsgruppe om at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot ras i 2030.*
  - Punkt 4.6.1: Hamner Ta vekk « distriktsutvikling » og sette inn « utvikling » i andre setning.*
2. *Høyringsfrist vert sett til 27.05.2016*

Framlegg til planprogram til RTP for Sogn og Fjordane 2018 – 2027, med endringar i samsvar med fylkesutvalet sitt vedtak, har vore ute til høyring og skal no endeleg vedtakast. Det vart også gjennomført ein høyringskonferanse på Skei hotell 29. april 2016 der grunnlagsdokumentet til Nasjonal transportplan og planprogrammet til Regional transportplan var tema.

#### Sentrale problemstillingar

Fleire av merknadane er positive til at RTP vert revidert og har ikkje merknader til prosess, framdrift og innhald. Fleire av dei som har gitt innspel/fråsegn til planprogrammet ynskjer å bidra i det vidare planarbeidet. Fleire av merknadane er direkte knytte opp mot lokale prosjekt, og nokre er retta mot mindre redaksjonelle endringar i planprogrammet. Nokre av merknadane handlar om plantema og fleire behov for utgreiingar.

Etter fylkesrådmannen si vurdering gjev nokre innspel grunnlag for endringar i framlegget til planprogram. Reint teknisk legg vi fram høyringsutkastet utan endringar (vedlegg 1). Dei endringar som bør innarbeidast er så kommenterte i pkt. 4 i saksframstillinga. Den praktiske innarbeidinga vil såleis bli gjennomført etter møte i HS og FU.

#### Andre opplysingar

Gjennom grunnlagsdokumentet til Nasjonal transportplan 2018 - 2029 er det utarbeidd ein klimastrategi og ein godsstrategi. I planprogrammet til RTP er det lagt opp til at Sogn og Fjordane skal legge desse strategiane til grunn for arbeidet med transportplanen. Det er lagt opp til utgreiingar for å sjå på korleis Sogn og Fjordane kan bidra med å nå måla i dei her nemnde strategiane. Vi vil søkje om tilskot frå Miljødirektoratet si støtteordning Klimasats for å finansiere dette. Søknadsfristen er sett til 23. juni 2016.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkesrådmannen vil trekke fram følgjande merknader frå fråsegnene som vil medføre endringar i planprogrammet.

#### Miljø og transport

Vestlandsforsking peiker på at planprogrammet er lite tydeleg når det gjeld dei heilt spesielle utfordringane som klimaendringar fører med seg for den langsiktige utviklinga i eit fylke med krevjande utfordringar i høve transport inn/ut av fylket. Fleire andre peiker også på at planprogrammet ikkje er tydeleg nok på klimautfordringane våre. Planprogrammet legg den nasjonale klimastrategien og godstransportstrategien til grunn for arbeidet med RTP. Gjennom analysar i planarbeidet må vi forsøke å bli meir tydeleg på klimautfordringane, særleg når det gjeld klimatilpassing av eksisterande infrastruktur. Vi er i ferd med å søkje midlar frå Klimasats til utgreiingsarbeid innan klimaområdet.

Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande endringar i planprogrammet:

Nytt utgreiingspunkt i kap. 3.6.4: Greie ut om det er byar/tettstader i fylket der nullvekstmålet i den nasjonale klimastrategien bør gjelde.

Nytt utgreiingspunkt i kap. 4.1.2 Greie ut kva som er nødvendige tilpassingar av eksisterande infrastruktur i høve til klimaendringar (i punktet om Drift og vedlikehald).

#### Risiko- og sårbarheit

Dei siste åra har vi opplevd fleire alvorlege tunnelbrannar. I Skatestrumstunnelen brann 16000 liter bensin opp inne i tunnelen. Brannen førte til omfattande skader på tunnelen. Tunnelen vart stengd i lang tid med lange omkjøringar for dei reisande. Det var behov for ekstraordinære løysingar for dei reisande for å redusere reisetid og lengde. Andre hendingar viser også at det kan verte lang omkjøring når slike hendingar oppstår.

Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande endring i planprogrammet

Nytt utgreiingspunkt i kap. 3.5.3 Vurdere risiko og konsekvensar med auka tungransport med farleg gods i lange tunnelar og på fjellovergangar.

#### Næringslivet sine behov

Eit effektivt system for transport er viktig for utvikling av eksisterande næringsliv og for at nye næringar skal vekse fram. Kartlegging og fjerning av flaskehalsar for næringstransport vil vere viktig i denne samanhengen.

Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande endring i planprogrammet

Nytt utgreiingspunkt i kap. 3.6.3 Greie ut kva som er dei største hindra for ein effektiv næringstransport, som t.d. flaskehalsar, ras, vegstengingar m.m. Behovet for større arbeidsmarknadsregionar og ev. hinder for overføring av gods frå veg til båt må kome fram i utgreiinga.

#### Trafikkutfordringar for barn og unge/trafikktryggleik

I planprogrammet er det eige kapittel 3.6.5 om trafikkutfordringar for barn og unge og eit eige kapittel 4.1.4 om trafikktryggleik. Merknader til planprogrammet tyder på at det ikkje er rett å ha to ulike kapittel som omhandlar trafikktryggleik.

Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande endring i planprogrammet:

Kap 3.6.5 Trafikkutfordringar for barn/unge blir eit underpunkt til kapittel 4.1.4 Trafikktryggleik.

#### Fylkesvegnettet

Kapittel 4.1 omhandlar plantema som gjeld fylkesvegnettet. Eit tema som ikkje er fanga opp i utkastet til planprogram er behovet for utbygging av veglys. I handlingsprogrammet til gjeldande RTP definerer ein kven som skal/bør ha ansvaret for drift av veglys langs fylkesvegnettet. Det er ikkje sett på behovet for veglys og ev. kva kriterium som skal leggast til grunn for utbygging, drift og vedlikehald av desse.

Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande endring i planprogrammet:

Nytt underkapittel til kap. 4.1 Veglys langs fylkesvegnettet.  
Greie ut behovet for veglys langs fylkesvegnettet.  
Utgreiinga skal også omfatte kriterium for utbygging, drift og vedlikehald av desse. Etablert praksis i gjeldande transportplan skal leggast til grunn for utgreiinga.

#### Bruer og kaier

I kap. 4.1.2 Drift og vedlikehald skal status på forfallet på fylkesvegnettet greiast ut. I samband med «SFJ2019» er det greidd ut ny driftsstandard på fylkesvegnettet, men her er det ikkje sett på drift og vedlikehald av bruer og kaier. Etter innkomne merknader er det synleggjort eit behov for å få gjort eit systematisk kartlegging av standard på bruer og kaier.

Fylkesrådmannen er i gang med ei kartlegging av kaier som kan nyttast i ein beredskapsamanheng. Denne gjeld både private og offentlege kaier som kan nyttast dersom

det oppstår situasjonar på vegnettet der det vert behov for ekstraordinær passasjertransport på sjå i den perioden vegen er stengd.

Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande endring i planprogrammet:

Nytt underkapittel til kap. 4.1

#### Bruer og kaier

Kartlegge standard på bruer og ferjekaier som grunnlag for prioritering av vedlikehaldstiltak og ev. investeringstiltak. Vurdere om kartlegginga av beredskapskaier kan inngå som ein del av den samla kartlegginga av bruer og kaier.

#### Vegdekke

Kapittel 4.1.9 omhandlar tilstanden på vegdekke på fylkesvegane. Dårleg dekke på gang- og sykkelvegane representerer ein fare for syklande. Utgreiingsbehovet må utvidast til også å femne om gang- og sykkelveg.

Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande endring i planprogrammet:

Kapittel 4.1.9 vegdekke vil omfatte både fylkesveg og gang- og sykkelveg

#### Transport og bu-, arbeids- og serviceområde

Kapittel 3.6.1 Transport og bu-, arbeids- og serviceområde viser til kunnskapsgrunnlaget i regional planstrategi. Kunnskapsgrunnlaget og planstrategien peikar på områda kring Sogndal og Førde med størst potensiale for regionforstørring. Etter FU si handsaming av planstrategien er også Nordfjord definert som eit område med potensiale for regionforstørring. Utfordringar som skissert i kap. 3.6.1 vil bli endra i tråd med FT sitt vedtak om regional planstrategi.

Fleire kommunar har peika på at utgreiingsbehovet som er skissert i 3.6.1 må nyanserast i høve til det som er omtalt som BAS-regionar eller som har potensiale til bli BAS-regionar. Utgreiinga bør utvidast til å omfatte regionar med omland både innanfor og utanfor fylkesgrensene når framtidige utviklingstrekk skal vurderast.

Fylkesrådmannen vil tilrå følgjande endring i planprogrammet:

Utvila utgreiing i kap. 3.6.1

Utgreiingsbehovet under kapittel 3.6.1 skal utvidast til også å omfatte regionar med omland både innanfor og utanfor fylkesgrensene ved vurdering av framtidige utviklingstrekk.

#### Ferjeavløysing

Fleire av innspela til planprogrammet kommenterer kap. 4.1.11 ferjeavløysing. Det er peika på at ferjeavløysing berre er omtalt som tema under fylkesvegnettet. Det er etterlyst ferjeavløysing som eige tema under riksveg. Fylkesrådmannen vil vise til at fylkeskommunen berre har ansvar for ev. ferjeavløysingsprosjekt på fylkesvegnettet. På riksvegnettet er det staten sjølv som har avgjerdsmynde. Fylkeskommunen kan ev. gje uttale til ferjeavløysingsprosjekt på riksveg.

Fylkesrådmannen vil likevel tilrå følgjande endring i planprogrammet:

Kap. 4.1.11 om ferjeavløysing under fylkesveg vert flytta som eit underkapittel i kap. 3.6 Samfunnsmessige utfordringar og behov.

## **4. Konklusjon (endringar i planprogrammet)**

Fylkesrådmannen vil tilrå at det framlagde planprogrammet for revisjon av Regional transportplan med følgjande endringar vert godkjent og lagt til grunn for det vidare arbeidet:

Nytt utgreiingspunkt i kap. 3.5.3: Vurdere risiko og konsekvensar med auka tungtransport med farleg gods i lange tunnelar og fjellovergangar.

- Utvida utgreiing i kap. 3.6.1 Utgreiingsbehovet under kapittel 3.6.1 skal utvidast til også å omfatte regionar med omland både innanfor og utanfor fylkesgrensene ved vurdering av framtidige utviklingstrekk.
- Nytt utgreiingspunkt i kap. 3.6.3: Greie ut kva som dei største hindra for ein effektiv næringstransport som t.d. flaskehalsar, ras, vegstengningar m.m.. Behovet for større arbeidsmarknadsregionar og ev. hinder for overføring av gods frå veg til båt må kome fram i utgreiinga.
- Nytt utgreiingspunkt i kap. 3.6.4: Greie ut om det er byar/tettstader i fylket der nullvekstmålet i den nasjonale klimastrategien bør gjelde.
- Nytt utgreiingspunkt i kap. 4.1.2: Greie ut kva som er nødvendige tilpassingar av eksisterande infrastruktur i høve til klimaendringar.
- Nytt underkapittel til kap. 4.1 Veglys langs fylkesvegnettet.  
Greie ut behovet for veglys langs fylkesvegnettet.  
Utgreiinga skal også omfatte kriterier for utbygging, drift og vedlikehald av desse. Etablert praksis i gjeldande transportplan bør leggast til grunn for utgreiinga.
- Nytt underkapittel til kap. 4.1 Bruer og kaier  
Kartlegge standard på bruer og ferjekaier som grunnlag for prioritering av vedlikehaldstiltak og eventuelle investeringstiltak. Vurdere om kartlegginga av beredskapskaier kan inngå som ein del av den samla kartlegginga av bruer og kaier.
- Utvide kapittel 4.1.9 vegdekke: Skal omfatte både fylkesvegar og fylkeskommunale gang- og sykkelvegar.

Kapittel 3.6.5. Trafikkutfordringar for barn og unge blir flytta som eit underpunkt til kapittel 4.1.4 Trafikktryggleik.

Kapittel 4.1.11 om ferjeavløysing under fylkesveg vert flytta som eit underkapittel i kap. 3.6 Samfunnsmessige utfordringar og behov.

I planprogrammet til Regional transportplan er utkast til regional planstrategi for 2016 – 2020 lagt til grunn. Planprogrammet må rettast opp i tråd med endeleg vedteke planstrategi i fylkestinget.